

Organisasjonsnummer: 864969682
Foretaksnavn: Klepp kommune
Navn: Peter Willmann
Kontonummer: 32015016611
Adresse: Solavegen 1
Postnr.: 4352 Kleppe
Telefon: 52429800
Mobiltelefon: 95978126
E-post: peter.willmann@klepp.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet
Kopimottaker: Fylkesmannen i Rogaland

SØKNAD

REFERANSENR.: 18S865CC

Mobilitetspunkt Klepp stasjon

Type tiltak: Klimavennlig transport - gjennomføring av tiltak

Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Bakgrunn for søknaden

Kommunesenteret Kleppe/Verdalen ligg 3 km frå Klepp stasjon, togstopp for Kleppe på Jærbanen. Det er etablert tilbringerbuss (Kolumbus rute 59) som bare korresponderer med nordgåande tog (mot Stavanger/Sandnes). Det er ikkje korrespondanse mot sørgåande tog til regionsenter Bryne.

Kvifor er Klepp dårleg på å bruke kollektivtransport?

Det er ingen busstilbod på søndager, få på laurdag og natt/kveld. Det er høg terskel om å bruke buss i Klepp (takstsonegrense gjer at det koster 65 kr til Sandnes, 12 min med buss. Klepp kommune har sett av midlar for at Kolumbus kan auke frekvensen. Det krevs fysisk tilrettelegging på Klepp stasjon for å få bussen fram. Elles kan ein ikkje forvente at innbyggjarane lar bilen stå!

Kva er utfordringane som krev ei løysing gjennom omsøkt tiltak?

Lang gangavstand (120 m/120 sek) mellom dagens busshaldeplass og toget gjer at overgang buss - bane oppfattast som negativt. Etablering er ein ny busshaldeplass nærast mogleg togperrongen vil auke attraktiviteten. Det vil og redusere dødtid/ventetid for bussen slik at den kan klare ein ekstra tur.

Dette skal vi gjere for å utvikle Klepp stasjon som mobilitetspunkt for buss og sykkel og Jærbanen!

Stasjonsområdet er idag dominert av pendlerparkering. Nå skal kollektiv og sykkel få dei beste områda på stasjonen:

- Bussen skal kome nærast perrongen for å auke komfort og redusere tidstap. Bussen skal kome fram med

egen køyrefil uavhengig av biltrafikk til parkeringsområde på Stasjonen.

- Syklistar skal få app-styrte låsbare bokser for at du kan vere trygg på at sykkelen er der når du kjem tilbake frå byen.

- Klepp skal etablere Kolumbus sin "Bysykkel"-ordning. Bysykkelen skaper mobilitet for alle på den siste strekningen mellom kollektivtransport og målpunktet. Sykkelsatsing på stasjonsområde kompletterer kommunale planar for egen sykkelveg med fortau frå Kleppe mot Klepp stasjon.

Klepp ønskjar å starte med 20 Bysykklar og 40 ladepunkt i 2018 på Klepp stasjon, Kleppe og Orstad.

Klepp kommune skal etablere ein "gjer det sjølv" verkstad i biblioteket sine lokaler i Klepp rådhus. I Kolumbus sine farger og logo! Sykkelverkstaden skal vise at vi satser på deg som sykklar!

Bilparkering er gratis i Klepp! Endeleg eit gratis tiltak for alle med sykkel.

Biblioteket er sjølvbetent 24/7. Ideelt for å fikse sykkel når DU har tid og treng å skifte slange.

Mobilitetspunkt Klepp stasjon er utvikla i samarbeid mellom Klepp kommune, Bane NOR og Kolumbus.

Hvordan vil tiltaket gi reduksjon i klimagassutslippene?

Tiltaket vil korte ned overgangstid mellom buss og bane frå 120 til 45 sekunder. Ombygging av stasjonsområdet til mobilitetspunkt vil gje tilgang til Bysykklar for den neste etappen av reisen, til endelig destinasjon. Dette må til for å motivere fleire til å droppe bilen og bruke kollektiv.

Beregninger viser at dersom et tiltak permanent flytter én reise fra privatbil til buss, vil dette resultere i en reduksjon i CO2 utslippene på ca 930 kg/år, under forutsetning av ledig kapasitet på bussen.

Jærkommunane Klepp, Time og Hå jobber aktivt med Kolumbus for å få til ein "Hjem-Jobb-Hjem" ordning også for oss som ikkje er del av Storbyavtalen. Får vi dette til vil vi få mange fleire over på kollektivt. 500 kr månaden er ein god deal! Men då MÅ infrastrukturen står klar til oppstart av den konkurransesette drifta av Jærbanen frå august 2019!

Hvilke virkninger, i tillegg til reduksjon i klimagassutslipp, vil tiltaket ha?

Klepp sin visjon er "Barna, vår framtid"- Barn og unge går og sykklar til skulen, dei bruker buss og tog til vidaregåande - og så: Dei køyrer traktor og bil så snart dei er gamal nok!

Dette skal vi snu. Vi satsar på fysisk aktivitet - ikkje berre idrett: Kommunedelplanen for fysisk aktivitet heiter: I Kleppe sykklar og går me!

Profilering av Kolumbus som mobilitetsleverandør som har gratis gjer-det-sjølv sykkelverkstad 24/7 på bibliotekt er nemt. Det gjeld å senke terskelen for å bruke sykkelen. "eg må fikse sykkelen først" - er eit kjent svar på kvifor du ikkje kjem i gang med sykling allereie I DAG!

Vi skal utvide sykkelparkering i Kleppe sentrum i 2018. Kjøpesenteret Jærhagen skal opne utvidinga si i oktober 2018 med ny sykkelprofil.

Formannskapet har bedt om ein parkeringsstrategi. Klepp kommune skal byggje kommunehus og ny kyrkje i sentrum. Høg grunnvatn reduserer areal til parkeringskjellar. Klarer vi å leve i Kleppe sentrum utan bil fram til døra? Dette skal vi utfordre innbyggjarane vore til og heller leggje til rette for aktivitet.

Det er et mål at tiltakene som får støtte skal ha spredningspotensial og overføringsverdi til andre fagområder eller kommuner, og være nyskapende ved å prøve ut nye løsninger. Hvordan kan tiltaket bidra til noe av dette?

Klepp er, som tidlegare omtalt, ein mellomstor kommune i periferien til storbyområdet Stavanger/Sandnes.

Jærbanen går gjennom kommunen men ikkje gjennom kommunesenteret, tettstaden Kleppe/Verdalen med 9100 innbyggjarar (nr 67 på lista over dei hundre største tettstader i landet).

Regionalplan for Jæren slår fast at Jærbanen er ryggraden for kollektivsatsinga i bandbyen Stavanger - Sandnes og sørover.

Kolumbus og Jernbanedirektoratet har forpliktande avtaler om å satse på matning av Jærbanen via tilbringerpendelrute. Korkje Kolumbus eller Jernbanedirektoratet har midlar eller tek ansvar for å leggje opp den fysiske infrastrukturen for pendelbussen.

Jærbuen er vant med å måtte ordne opp sjølv med dugnad.

Klepp kommune har teke initiativ til å forskottere planlegging av dobbeltsporet (30 mill) som spleiselag mellom 6 kommunar og Rogaland fylkeskommune. Det haster å få etablert gode kollektivvaner - at ein bruker kollektive løysingar - tilbringerbuss og Bysykkel - som første del av "togreisen". Det nyttar ikkje å få nokre fleire å ta BIL til Klepp stasjon. Med tanke på å endre kulturen, å la bilen stå for å redusere utslepp av klimagass, men og støy og støv, kjem ein ikkje langt utan gode insentiv til å ta HEILE reisen kollektivt.

Kolumbus skal ta over drifta av tog i 2019. Kolumbus sin satsing på Bysykkel gjer at dei blir EIN mobilitetsaktør for heile reisekjeden: Buss - Bane og Bysykkel. I storbyområdet har Hjem-Jobb-Hjem kunder allereie i dag ein integrert tilgang til buss, bane og Bysykkel i same månadsbilletten.

Det som virker i byen og på Forus bør også kunne fungere "på landet".

Det er DETTE Klepp kommune vil prøve ut og vere med på utviklinga frå starten av. Det er DER overføringsverdien ligger for resten av landet.

Kan vi få Kleppsbuen over på kollektivt sjølv om det faktisk er heilt greit å reise til jobb på Forus med bil?

Å teste ut ein fin opparbeidd mobilitetspunkt på Austlandet gir liten overføringsverdi for resten av landet fordi kø-problematikken mot Oslo gir toget eit tidsforsprang og ein eigen motivasjon til å velje kollektivt. Det er denne fordelten (å kome raskare fram kollektivt) som mangler på Jæren.

Tiltaket vil medføre endringer i aktivitet eller utslipp. I den grad det er mulig å tallfeste effekten av tiltaket bør det foretas registreringer eller tellinger før og etter tiltaket er gjennomført. Hvilke registreringer eller tellinger kan gjennomføres for å fange opp effekten av tiltaket?

Rogaland fylkeskommune ved Kolumbus sørger for løpande og nøyaktige registreringar av passasjerkilometer ved hjelp av automatisk passasjertellesystem (APC).

NSB har registrering av reisekunder. Det blir jamnleg gjennomført reisevaneundersøkingar.

Bysykkelen registrerer bruken gjennom tilhørende programvare som basert på GPS data registrerer klokkeslett, fra, til, distanse, mm.

Samlet sett vil dette gi et svært godt bilde av bruken av kollektivtilbudet, og dermed effekten på tal av

reisande med privatbil.

Hvordan er søknaden politisk forankret?

Klepp sine folkevalte er vant med å måtte "slåst" for å få eit kollektivtilbod. Det er tverrpolitisk semje om at kommunen må ta grep når fylkeskommunen ikkje leverer eit godt nok tilbod:

Klepp er trippel-uheldig i høve til nabokommunar.

- 8000 innbyggjarar i Kleppe/Verdalen har NULL busstilbod mot Jærbanen på søndager.

- Takstgrense mot nabokommune Sandnes - 65 kr for 11 km , eller 6 km - rett over kommunegrense er lite motiverande for å la bilen stå.

- Naboen Sandnes er med i Hjem- Jobb - Hjem - heile regionen for kr 500 i månaden. Klepp er ikkje med i Byvekstavtalen - lite motiverande for å ta bussen istaden for bilen til jobben

Difor satsjer kommunestyret eigne pengar for å subsidere Kolumbus i håp om betre tilbod og at fleire reiser kollektiv:

- Kommunestyrevedtak desember 2017 for kommunebudsjett for 2018-21: Årleg tilskot kr 500.000 til drift av auka frekvens for Kolumbus-bussrute 59 Klepp st. - Kleppe - Verdalen.

- Formannskapsvedtak om dekking av kapitalkostnad for leige/leasing av autonome bussar for forsøksperiode i 2018/2019 i samarbeid med Kolumbus.

- " I Klepp sykklar eller går me!". Kommunedelplan for fysisk aktivitet 2018 - 2029. Skal følgjast opp med tiltak som fremjar sykkel i kommunen.

- Klima- og energiplan - vedteken 2010, under rullering.

- Kommunal områderegulering for Klepp stasjon som i detalj avklarar omsøkt mobiltetspunkt på stasjonsområde, framføring av sykkelveg med fortau heilt fram til mobilitetspunkt m.m. Planarbeidet starta opp september 2017. Forprosjekt (sjå vedlegg) er utarbeidd som del av planarbeidet for heile Klepp stasjon.

Gjennomføring

Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket når tiltaket er gjennomført?

Mobiltetspunkt Klepp stasjon ligg på Bane Nor sin eigedom (stasjonsområde for Jærbanestopp Klepp stasjon). Etablering av tiltaket på Bane NOR sin eigedom er klarert gjennom avklaringsmøtet mellom Klepp kommune, Bane Nor og Kolumbus 31.01.2018. Kontakt i Bane NOR: erik.borjesson@banenor.no

"Gjer det sjølv" sykkelverkstad i Klepp bibliotek sine lokaler i rådhuset på Kleppe vil bli eigd og vedlikeholdt av Klepp kommune.

Vedlikehald av bussområde - Statens vegvesen på oppdrag av fylkeskommunen - som i dag

Vedlikehald av stasjonsområde elles: Bane NOR - som i dag

Hva er forventede driftsoppgaver og årlige driftsutgifter?

Vanleg vedlikehold av trafikkareal: Brøyting, strøing og renhald. Fylkeskommunen vedlikeholder dagens busshaldeplass. Bane NOR har vedlikehaldsansvar på dagens parkerings- og sykkelparkeringsområde samt gangvegen mot perrongen. Etablering av planlagt mobilitetspunkt vil ikkje endre, bare omfordele vedlikehald frå bilparkering mot drift av kollektiv- og sykkelanlegg.

Drift av Bysyssel-ordninga er administrert av Kolumbus og finansert via deltakande kommunar og bedrifter.

Sykkelparkeringshus vil bli drifta av Klepp kommune kommunalteknikk.

Drift av "gjer det sjølv"-sykkelverkstad på Klepp bibliotek på Kleppe vil gå i regi av frivillighetsentralen.

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Oppstart anleggsarbeid: november 2018

Ferdigstilling anleggsarbeid: juni 2019 - klar til å ta i bruk 1. august 2019

Kolumbus jobber, med finansering frå Klepp kommune, mot å auke frekvensen for Rute 59 Verdalen-Kleppe-Klepp stasjon frå august 2019 - når Jærbanen skal driftast i regi av Kolumbus etter konkurranseutsetting. Då må mobilitetspunktet med ny busshaldeplass stå klar for å klare eit ruteopplegg som krev redusert dødtid/ventetid på Klepp stasjon. Bysykkelen Generasjon 2 er klar for levering/oppstart i årskifte 2018/19.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Kolumbus jobber, med finansering frå Klepp kommune, mot å auke frekvensen for Rute 59 Verdalen-Kleppe-Klepp stasjon frå august 2019. Dette er tidpunktet når Jærbanen skal driftast i regi av Kolumbus etter konkurranseutsetting. Då må mobilitetspunktet med ny busshaldeplass stå klar for å klare eit tilbringer-ruteopplegg som krev redusert dødtid/ventetid på Klepp stasjon.

Bysykkelen Generasjon 2 er klar for levering/oppstart i årskifte 2018/19. Det har lite for seg å etablere ladeinfrastruktur før sykkelene er på plass.

Gjennomføringsplan:

Oppgåve: Utarbeiding av forprosjekt med kalkyle

Ansvarleg Klepp kommune, kommunalteknikk

Tidsrom: januar - februar 2018

Status: avslutta

Oppgåve: Utarbeide program for måling/telling - tellepunkt, gjennomføre og registrere tellinger før /etter

Ansvarleg: Klepp kommune, kommunalteknikk

Tidsrom: mars 18 - juni 2020

Oppgåve: Detaljprosjektering og anbudsdokument

Ansvarleg: Klepp kommune, kommunalteknikk

Tidsrom;: Juni - september 2018

Oppgåve; Offentleg anskaffelse - teknisk opparbeiding av mobilitetspunkt - inkl. tildeling kontrakt

Ansvarleg: Klepp kommune rådmannen ved innkjøpsansvarleg

Tidsrom: september - november 2018

Oppgåve: Byggjeleing

Ansvarleg: Klepp kommune, kommunalteknikk
Tidsrom: november 2018 - juni 2019

Oppgåve: Ferdigbefaring - overtaking -
Ansvarleg. Klepp kommune, kommunalteknikk
Tidsrom: Juni - august 2019

Oppgåve: Vedlikehald i garantiperioden
Ansvarleg for kontroll: Klepp kommune, kommunalteknikk i samarbeid med Bane NOR
Tidsrom: 3 år frå overtaking.

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Dei folkevalte i Klepp har satsa på å bruke kommunale midlar til drift av tilbringarruta til Jærbanen for å "tvinge" Kolumbus til å auke frekvensen slik at Kleppe/Verdalen får ein brukbar tilknytting til Jærbanen.

Dei folkevalte har og valt å ta kapitalkostnader når Kolumbus skal teste autonome køyretøy i realistiske trafikksituasjonar. Første testprosjekt på Forus er i eit "lukka" industriområde. Kleppe, ein vanleg tettstad med barn på sparkesykkel på veg til skulen vil gje ein realistisk testing av autonome bussar etter at forsøka på Forus er avslutta ein gong i 2018.

Kommunen makter ikkje å ta heile rekninga for tilrettelegging av overgangen mellom (fylkeskommunen sine) bussar og Bane Nor/NSB sin bane. Vår innbyggjar tek eigne val - dei tek bilen om dei kan. Kommunen står difor ikkje "fritt" å setje kollektivt opp mot privatbil som storbyar. Så lenge kollektivtilbodet i Klepp er såpass langt UNDER gjennomsnitt for kommunar og tettstader vi kan samanlikne oss med, er vi heilt avhengig av ekstern finansering for å halde oppe motivasjonen mot eit meir klimavenleg samfunn.

Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
kalkyle opparbeiding mobilitetspunkt iflg forprosjekt	3 913 000
kalkyle Sykkelhotell - sykkelbokser låsing med app 40 plassar a kr 24000	980 000
kalkyle sykkelverksted i Klepp bibliotek i samarbeid med Kolumbus	30 000
Total sum	4 923 000

Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	4 923 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0

- Egne midler	2 462 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	2 461 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Prioritet nr 1 er framføring av buss nærast mogleg stasjonsområdet. Dette krev ny køyrefil, komplett bussperrong med kantstein, venteskur, belysning og gangareal mot toget.

Prioritet nr 2 er etablering av direkte skjerma sykkelveg over eksisterande parkeringsplass rett til inngangen til togperrongen. Krev masseutskifting, overvatnhåndtering, omfattande kantsteinarbeid m.m. Handikapp- og bildeleparkering må etablerast samtidig. Opparbeiding av areal for etablering av Bysykkelordning (eigen søknad i regi av Kolumbus).

Prioritet 3 er etablering av sykkelhotell - 40 bokser med app-styrt reservering og låsing.

Reetablering av pendlerparkering har siste prioritet - desse plassar er tenkt ein restriktiv parkeringspolitikk kor dei som treng parkering i mangel av alternative tilbod skal tilbys oblatparkering som det etablert på Austlandet.

Utdyping finansiering


Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

 Kostnads kalkyle grunnarbeid mobilitetspunkt Klepp stasjon.pdf (Utgiftsoversikt)

 Vedlegg Klimasats-søknad Mobilitetspunkt Klepp stasjon, Klepp kommune.pdf (Prosjektbeskrivelse)

Merknad:

Ingen merknad

[sign] Peter Willmann for Klepp kommune

Lvert 15.02.2018